



Årsmøte
14. mars 2023
Kl. 12.30
på
Sotra Kino

Sak 1: Opning

Opning ved leiar

Sak 2: Godkjenning av innkalling og dagsorden

Årsmøtet vart kunngjort på Aktiv+ sine aktivitetar den 31. januar 2023, på Facebook 2. februar, samt på Kommunen sine heimesider den 6. februar. Det vart og hengd opp plakat på Biblioteket på Sartor senter.

Saksdokumentata vart ferdigstilt 01.03.2023, og gjort tilgjengeleg på kommunen si heimeside, link til denne på Aktiv+ si Facebookside, papirformat i biblioteket og ved opning av årsmøtet.

Dagsorden for årsmøte i Aktiv+ 2023

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
3. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å underskrive protokollen.
4. Årsmelding frå styret.
5. Rekneskap og revisor-rapport.
6. Behandla innkomne forslag og saker.
7. Fastsetja medlemskontingent.
8. Handlingsplan for komande år.
9. Budsjett
10. Val av styreleiar
11. Val av fem styremedlemmar og to varamedlemmar.
12. Val av revisor og tre medlemmar til valkomité.
13. Avslutning

Framlegg til vedtak:

Innkalling og dagsorden vert godkjend.

Vedtak:

Sak 3: Val av møteleiar, referent og to medlemmer til å skrive under protokollen (iflg vedtektene)

Framlegg til vedtak:

Som møteleiar veljast _____

Som referent veljast _____

Til å skrive under protokollen veljast _____ (forslag på to frå salen)

Sak 4: Årsmelding fra styret i Aktiv+ for perioden
1. januar – 31. desember 2022.

Årsmelding frå styret:

Grunna restriksjonane me var pålagde under Covid 19 pandemien kunne me fyrst starte forsiktig opp aktivitetar den 18.1.22 med tur i turløypa og foredrag på kinoen. Den 8. februar kunne me starta opp at med treninga i Sotra Arena.

Program for foredrag og andre kulturelle aktivitetar på kinoen vart distribuert og me byrja å koma attende i normal drift utetter vinteren og våren.

På årsmøtet den 15.3.2022 vart desse personane valde inn i styret:

Leiar: Irene Evensen

Nestleiar; Signe Herdis Høyvik

Kasserar; Trygve Dåvøy

Sekretær; Sigurd Hope

Styremedlem; Andreas Steigen

Styremedlem; Anne Grethe Aase Eide

Vararepresentant; Inge Kolltveit

Vararepresentant; John Arve Dyrkolbotn

Unni Sørensen held fram som representant frå Øygarden Kommune

Olav Bjørøy vart vald som revisor.

I valnemnda sit Egil Haaland, Rune Bildøy og Mai Villanger.

Aktivitatar

I starten av 2022 var det berre turgruppa som var aktiv i regi av Aktiv+, grunna Covid 19 pandemien. Med strenge smitteverntiltak kunne me starta opp med foredraga på kinoen den 18. januar. Me kunne invitera alle til treningsaktivitatar i Sotra Arena frå den 8. februar. Talet på framfmøtte på treningane steig raskt utetter våren og har lege på ca 90-100 personar i gjennomsnitt i 2022.

Årsmøtet vart halde den 15.3.2022. Etter årsmøtet underheld Olaug Alvheim Med song og musikk.

Det vart inngått ein leigeavtale med Senterforeininga og Odeon Sotra kino for leige av kinosal 1 til foredrag og underhaldning. Senioruniversitetet Øygarden og Sotra (SØS) er og part i denne avtalen og har halde sine møter her i samsvar med sitt program. SØS har hatt ca eit arrangement per månad medan Aktiv+ har hatt arrangement kvar tysdag dei andre vekene. Programmet har stor variasjon med foredrag og musikalske innslag. Talet på tilhøyrarar har vore varierende men tilfredsstillande med eit snitt på ca 60 personar.

Aktiv+ har delteke to gonger på frivilligdager på Sartor Storsenter, arrangert av Frivilligsentralen, Amatørkulturrådet i Øygarden og Sartor Storsenter.

Drift frå veke til veke

Styret har laga vaktliste og instruks for ansvarsvakta. Vaktene pluss nokre eldsjeler har tilrettelagt Sotra Arena kvar tysdag me har hatt trening. Samarbeidet med vaktmeister har vore godt.

Alle aktivitatar og foredrag/underhaldning i regi av Aktiv+ har vore gratis.

Samarbeidet med Senioruniversitetet i Øygarden og Sotra (SØS) har også dette året vore bra.

Gunnar Angeltveit og Signe Herdis Høyvik har også dette året delt på oppgåva som instruktør for trimgruppa. Gunnar slutta som instruktør i byrjinga av haustsesongen. Styret arbeidde lenge med å skaffa ein erstattar og har fått ein avtale med Sotra Sportsklubb om å leige ein av deira turninstruktørar til kostpris. Takk til dei for det.

Balansegruppa har vore godt besøkt og vi rettar ein takk til Ergo- og fysioterapiavdelinga i Øygarden kommune som stiller med instruktørar.

Turgruppa vert godt leia av vertane Jan Bjørøy, Karin Bjærum, Oddny Bakke, Berit Knutsen og Trygve Dåvøy. Sigurd Hope har vore reserve turvert og stilt opp ved behov.

Kaféen er eit populært tilbod, og dei stiller med mange gode freistingar. Folk kosar seg med kaffi og noko å bita i i pausen mellom trening og foredrag. Den gode praten er og viktig på desse møta.

Styret har ikkje motteke melding om nokon uønskte hendingar.

Styret har hatt åtte styremøte i 2022, inklusive konstituerande møte i etterkant av årsmøtet. Møta har vore haldne på Sotra Arena.

Medlemstal

Medlemstalet har auka til 417, ein auke på 32 frå året før.

Økonomi

Det vises til eige vedlegg for økonomien. Økonomien i Aktiv+ har også i 2022 vore god. Dei største utgiftspostane er leige av Sotra kino og honorar til foredragshaldarar og muskarar med høvesvis kr 30 000,- og kr 43 152,-. Heldigvis har me fått god støtte frå mellom anna Øygarden kommune, Sparebankstiftinga Sparebanken Vest, Folkeakademiet Vest og Sotra Rotary klubb. Lokalleiga er godt spona av Sartor Holding, Sartor Storsenter og Sotra Kino, Det er heller ikkje i år teke inngangspengar på dei større arrangementa. Nokre av medlemane våre har og sendt bidrag på VIPPS-kontoen vår.

Ei stor takk til alle som ville støtta Aktiv+!

Aktiv+ er med i Norsk Tippings sin Grasrottdel. Dei av medlemmene som spelar gjennom Norsk Tipping, og som ikkje allereie har ført opp Grasrotmottakar, oppfordrast til å melde Aktiv+ inn som deira Grasrotmottakar.

Avslutning

Styret vil retta ei stor takk for all hjelp med å arrangera våre aktivitetar i 2022.

Takk til alle deltakarane på Aktiv+. Det er godt å sjå at våre medlemmar stiller opp, sjølv i utfordrande tider og det er plass til mange fleire.

Takk til Øygarden kommunen for årleg tilskot og lån av Sotra Arena.

Stor takk til Rolf Øvretveit og tekniskar Stian i Sotra Kino. Dei har stilt opp på ein positiv måte og funne løysingar på daglegdagse utfordringar.

Takk til Senioruniversitetet Øygarden og Sotra for godt samarbeid!

Vi vil og takka Sotra Sportsklubb for godt samarbeid og velvilje til at vi skal få gjennomført våre arrangement, og ikkje minst takkar vi vaktmeisterane for all velvilje og god hjelp.

Takk til turvertar, frivilljuge og alle som har vore med å laga eit flott opplegg for seniorane i Kommunen.

Takk til revisor og valnemnd.

Irene Evensen

Signe Herdis Høyvik

Trygve Dåvøy

Anne Grethe Aase Eide

Sigurd Hope

Andreas Steigen

Unni Sørensen

Inge Kolltveit

John Arve Dyrkolbotn

Framlegg til vedtak:

Årsmeldinga vert godkjend

Sak 5: Rekneskap og revisorrapport

Forenklet økonomisk rapport

Dato : 04.01.2023

Regnskap : Aktiv+

Periode : 01.01.2022 – 04.01.2023



Konto	Konto beskrivelse	Inntekter	Utgifter
1510	Utestående fordringer	,00	
1930	Bankkonto 3633.69.05375	93215,08	
1931	Bidrag frå Øygarden kommune	25000,00	
1932	Bidrag frå Folkeakademiet Vest	6500,00	
1933	Bidrag frå Norsk Tipping AS.	4465,80	
1934	Bidrag frå Vippsnr. 608874.	1287,06	
1935	Bidrag frå andre.	,00	
1936	Bidrag frå Sotra Rotary Klubb	5000,00	
1937	Bidrag frå Sparebankstiftelsen Sparebanken Vest.	37696,00	
7700	Utgifter til leige av lokaler.		-30000,00
7702	Utgifter til foredragsholdere / leverandører.		-43152,00
7703	Utgifter til gaver.		-845,00
7704	Utgifter til utstyr og materiell.		-1087,00
7705	Utgifter til abonoment, etc.		-350,00
7706	Utgifter til årsmøte / styremøter.		-6118,20
7707	Utgifter til sesongavslutninger.		-12904,40
7708	Diverse utgifter		-491,62
7710	Gebyrer.		-165,00
		173163,94	-95113,22

DEBET		KREDIT	
INNETEKTER, SALG		DRIFTSKOSTNADER	95113,22
BANKINNSKUDD	173163,94	OVERSKUDD	78050,72
SUM	173163,94		173163,94

Note 1.

Dato for avslutning av regnskapet er satt til 04.01.2023 p.g.a.

innbetalinger gjort i 2022 fra «Den kulturelle spaserstokk» (kr 2 500,00), som naturlig hørte med til regnskapet for 2022.

Denne innbetalingen kom på konto 04.01.2023. Det var tilskudd til foredragsutgifter for 20.12.2022.

Note 2.

Konto 1934. Innbetalinger på VIPPS er anonyme gaver som blir samla i en post, her 1287,06 NOK for 2022. Ingen navn er nevnt.

Kommentar frå styret:

Rekneskapen syner at saldo i banken er redusert til kr. 78 050,72.

Driftsunderskotet er kr. 12 664,36

Revisor rapport:

Eg finn regnskapet til Aktiv + for 2022 rett.

Bilag og bankkonto er kontrollert.

Regnskapet kan godkjennast som det er.

Areknappen, 20.02.2023



Olav Bjorøy

Framlegg til vedtak:

1. Regnskapet godkjennast.
2. Revisors rapport vert teken til etterretning.

Sak 6: Handsaming av innkomne forslag og saker

Styret har ikkje motteke nokon saker som skal handsamast på årsmøtet

Sak 7: Fastsetja medlemskontingent.

Framlegg til vedtak:

- Styret foreslår at det ikkje skal betalast nokon ordinær kontingent for medlemskap.
- Ved store framsyningar med innleige av artistar vert det teke inngangspengar når styret ser behov for det.

Sak 8: Handlingsplan for 2023

Treningsaktiviteter og kafè på Sotra Arena held fram som før på tysdagar kl. 10:30.

Foredrag Aktiv+ våren 2023 – tysdagar på Sotra kino kl. 12:30:

- 14.03 Årsmøte og medlemsmøte. Etterpå litt underhaldning v/elevar frå Kulturskulen
- 21.03 «Soppens fascinerende verden» v/professor Åge Oterhals
- 28.03 «Pilegrimsleden – en reise som berører» v/ Lauritz Harr.
- 11.04 «Korleis skapa angst og traumer ved hjelp av religiøse skremsler» v/forfatter Helge Hammersland
- 18.04 «Det er ingen skam å snu seg rundt» v/Dagrunn Waag Linchausen (SØS)
- 25.04 «Europas tapte fyrste- og kongedømmer, og hvor vi kan finne restene av disse i dagens Europa» v/Kjetil Evjen
- 02.05 «Om kjernekraft» v/Jonny Hesthammer frå Norsk Kjernekraft AS
- 09.05 «Permafrost – en tikkende miljøbombe» v/professor Lise Øvreås (SØS)
- 16.05 «Gamle Øygarden, 1963 til 2020 i tekst og bilete» v/Øyvind Strandheim og Johannes Mikkelsen
- 23.05 «Seriegründer med flaks» v/Conrad Hansen
- 30.05 «Om Sosial Bustadplan og Plan for idrett, kultur og frivilligheit v/Jan Utkilen
- 06.06 «Klima/forandringar» v/Kikki Flesche Kleiven
- 13.06 «Vårekskursjon» (SØS)
- 20.06 Sumaravslutning med musikalsk underhaldning av Tarjei, Leslie og Ramona

Det kan koma endringar i programmet.

Sak 9: Budsjett



Dato: 25.2.2023

Aktiv+, Budsjett 2023.

Periode: 01.01.2023 – 31.12.2023

Driftsinntekter

Bidrag frå andre	20 000,00	
Bidrag frå Folkeakademiet Vest	9 000,00	
Bidrag frå Norsk Tipping	7 000,00	
Bidrag frå Sotra Rotary Klubb	5 000,00	
Bidrag frå Øygarden kommune	25 000,00	
Inntekter ved sumaravslutning (sal av billetter)	10 000,00	
Inntekter ved juleavslutning (loddosal)	10 000,00	
Sum driftsinntekter		86 000,00

Driftskostnader

Diverse utgifter	500,00	
Gebyr	200,00	
Abonnement, etc.	3 000,00	
Honorar til foredragshaldarar	45 000,00	
Gåver	2 000,00	
Leige av lokaler	30 000,00	
Sesongavslutningar	20 000,00	
Utstyr og materiell	1 000,00	
Årsmøte/styremøte	10 000,00	
Sum driftskostnader		<u>111 700,00</u>
Underskot		25 700,00

Styret vil aktivt søkje om tilskot for å dekkje underskotet.

Framlegg til vedtak:

Budsjettforslaget vert godkjend

Sak 10: Val av styreleiar

Innstilling frå valnemnda

Som leiar innstillast Irene Evensen for eitt år

Sak 11: Val av styremedlemmar og to varamedlemmar.

Styremedlemmar:

Som styremedlem innstillast Trygve Dåvøy, for to år (attval)

Som styremedlem innstillast Finn Villanger, for to år.

Styremedlemane Andreas Steigen, Anne Grethe Aase Eide og Signe Herdis Høyvik er ikkje på val.

Varamedlemmar til styret:

Som vararepresentantar for eitt år innstillast:

Inge Kolltveit (attval) og

Rolf Henriksen

Sak 12: Val av revisor og tre medlemmar til valkomité.

Revisor:

Som revisor innstillast Olav Bjørøy (attval), for eitt år.

Straume, 17.01.23

Egil Haaland

Rune Bildøy

Mai Villanger

Medlemmar til valkomitéen:

Egil Haaland

Rune Bildøy

Mai Villanger

(attval for eitt år for alle tre)

Framlegg til vedtak:

Valkomitéen si innstilling vert godkjend.

Sak 13: Avslutning ved leiar